

Nettverkssamling FOS 3.juni 2020

-læringsleiing under og etter covid19 i framtidas barnehage og skule-

INGELIN BURKELAND JUN 02, 2020 10:25AM

Døme

Dette vil me ta med oss vidare, slik:

Slik kan me vite noko om opplevd tenestekvalitet/dette veit me om opplevd tenestekvalitet

Desse samanhengane ser me og slik kan me sikre at ynskja kvalitet vert opplevd framover

Gruppe 1

Ta med vidare: .

Ta med vidare:

Det digitale; det er i somme tilfelle meir effektivt og me er meir tilgjengelege. Teams; Til dømes personalmøte, møter med BUP, PPT, foreldresamtalar, overgangssamtalar med barnehage, ungdomsskule osb. Elevane har blitt meir sjølvstendige òg, dei er flinkare til å bruka digitale lærermiddel. Omvendt undervisning. Ved sjukdom kor ein framleis kan vere i noko arbeid, eller elevar kan delta i undervisning heimefrå.

Uteskule, å knyte uteskule opp mot fag. At me har vore meir kreative. Det har ført til betre relasjonar i somme tilfelle, mellom dei vaksne og elevane og mellom elevane.

Fleksibiliteten: Spesielt fagarbeidarar og assistenter har snudd seg rundt og fått nye timeplanar heile tida.
Kjem til å ta med oss svara frå brukarundersøkingar.

Undervisning i klasserom er jo det beste, men Teams har gjort mange ting viktige. T.d. lang reiseveg, som vert utsletta.

Spes.ped.: Tid til å jobbe med tema over tid, dei har vorte meir sjølvstendige. At me kanskje ikkje så kjapt skal vere på plass med hjelp. Korleis normalisere bruken av kompenserende hjelpermiddel i ordinær undervisning?

Opplevd kvalitet:

Anbefaler brukarundersøkingar, og at desse vert teke opp i elevråd og andre samarbeidsutval. Forms, med forgreiningar.

Tett kontakt med personale.

Tilbakemelding frå føresette og elevar. Utviklingssamtalar via videokonferanse.

Samanhengar:

Me har jobba mykje i Fagfornyingsånd no, og i profesjonsnettverk - utan at me kanskje har tenkt over det.

Voldsom digital kompetanseheving.

Viktig med variasjon i undervisninga!

Ein ro og ein samanheng i undervisninga. Det har vore dei same vaksne heile tida. Heilskap og relasjonsbygging.

Når me må, så gjer me! I neste omgang må me klara å omstilla oss til ny læreplan.

Sikra ønskja kvalitet:

Brukarundersøkingar. Enkle check-ins. Endra kurs viss me treng det. Hyppige elevrådmøter. Sikra at det vert fulgt i klassane.

Gruppe 2

Gruppe 3

Ta med vidare:

Jobba meir digitalt i framtida. Tilsette har fått meir motivasjon til å jobba slik.

Har lært veldig mykje. Mest spennande er kor løysningsorienterte me er og kva me får til. Dette vil me ta med vidare. Me tek med oss den digitale kompetansen til hausten. Delingskulturen på skulen har blitt enda betre, denne vil me fortsetta å utvikla på digitale plattformer og.

Få instansane med på møter via teams. Det har vore eit tettare samarbeid nå enn før korona

Elevane gjer uttrykk for trivnad. Føresette melder om god informasjonsflyt.

Tettare band mellom dei ulike avdelingane.

Tettare samarbeid på dei ulike trinna.

MEN - i tider mykje informasjon ut til tilsette/føresette. Viktige moment kan drukne i informasjonsmengden

Tilsette på skulane har vore tettare på dei sårbarer barna, MEN det var ei oppleving av at barnevernstenesta og helsetenesta var i større grad fråværande under nedstenginga. Her må det lagast ein communal rutine mtp ny nedstenging.

Opplevd kvalitet:

Kulturskule: Ein del tilbod vart avlyste og andre blei prioriterte. Brukarundersøking var ein suksess. Enorm respons. Dette trygga vala ein gjorde i forhold til avlysning av undervisning.

Nettundervining og fysisk undervisning når ein fekk lov til det. God kontakt med brukarane.

Skule: Gode tilbakemeldingar frå elevar og føresette på digital undervisning, men nokre elevar med spesialundervisning fekk ikkje så god oppfølging som dei burde fått.

Enkeltelevar som har hatt det vanskeleg heime har fått ekstra oppfølging, det betyr at systema me har fungerer. Føresette gir tilbakemeldingar om at skule/heim-samarbeidet har fungert godt. Har ikkje fått kartlagd kva me har "apt".

Samanhengar:

Viktig med "tett på leiing". Relasjonsorientert leiing har vist seg viktig. Organisera møter slik at alle får førebudd seg og at dei vert effektivt gjennomført. Dette har gjeve gode resultat.

Samarbeid og informasjon; har vore veldig positivt å bruka Teams. God struktur på desse møta.

Gruppe 4

Ta med vidare

Me hadde tettare kontakt med heimane og med elevane. Tettare oppfølging med paragraf-elevane. Ein opplevde at dei svake elevane fekk gjort meir heime enn på skulen.

Lettare å kunne tilpassa og nivådele i alle fag.

Spes.ped timer tidleg på dagen til hausten. Faste timer og økter med elevar som har slike timer.

Gode erfaringar med Teams-møte med elevane, faste

morgonmøte.

Neste år - ha fleire Teams-møte i staden for å reise rundt på møter ol.

Nå når me er begynt igjen har me også videreført muligheten til å ta Teams-møte for å følgje elevane tett opp t.d i forb. med munnlege prøvar.

Fortsetje det tette heim-skule samarbeidet, det har vore nyttig. Dette må me videreføre til hausten.

Fortsetje med å tilby Teams-møte i t.d utviklingssamtalar.

Lettare å ha kortare møte med føresette i arbeidstida.

Nytte uteskule - koronaperioden har ført til ei endring i organiseringa av skuledagen. Veldig positivt med uteundervisning

Grupper med færre elevar på SFO har vore særslig positivt.

Skuleleiinga har vore lettare å nå. Korleis sikre det vidare.

Kvaliteten

Ein har sendt ut spørjeundersøking til heimane for å evaluere heimeskulen.

Avd.leiarar var med på nokre av klassemøta. Elevane hadde fast oppmøte kvar morgen via Teams - opprop. Gode tilbakemeld frå elevane på å vere i desse gruppene.

Me fulgte timeplanen, la ut oppgåver for kvart fag. Elevane sende inn arbeidet sitt via iPad>Showbie event Skooler. Dette medførte at ein hadde god oversikt over kvar enkelt elev. Showbie og Skooler er arenaer som elevane kjende godt frå før.

Lærarar laga også videoar for å forklare oppgåver og nytt tema. Dette kom det gode tilbakemeld på frå dei føresette.

Viktig at lærar hadde morgonmøte kvar dag for å sikre at alle elevane faktisk møtte på heimeskulen.

Gruppermøte i Teams fungerte også fint.

Det var og god kommunikasjon med usikre elevar, nå kunne dei konsentrere seg godt om berre skullearbeidet og ikkje alt som skjedde rundt.

Samanhenger

Tett og godt samarbeid mellom lærarane - deling av opplegg og idear på Onedrive.

Felles fagmapper der ein kan dele opplegg.

IKT er kome meir i bruk - alle lærarane har fått høgare digital kompetanse. Dette gjeld også elevane - betre kompetanse i t.d korleis ein leverer arbeidet ein har gjort.

Ein opplevde at dei min.spr.elevane glapp litt i dette opplegget. Me måtte ha dei inn på skulen for å vise og forklare, dei trengde mykje hjelpe for å få til heimeskulen. Erfaringane me har gjort oss her, og som me må ta med oss vidare, er at desse elevane treng god og tett oppfølging for å sikre at dei får med seg det dei skal. Sjølv om ein brukar tolk har det vore vanskeleg å jobbe med heimeskule, det blei betre når dei var på skulen.

Tett på elevane for å sjekke/sikre kva dei får med seg.

Vidare - for mange var heimeskulen veldig bra, dette gjeld særleg elevar som har vanskar sosialt sett. Me kan ikkje fortsetje med

heimeskule for desse, men korleis kan me få dette til i den vanlege skueldagen?

Oppdeling av uteområde - kan ein fortsetje med dette i nokre økter til hausten. Lite konflikter, og klassane har vore meir saman. Trygt og godt for elevane. Kan me fortsetje med dette ein dag i veka til hausten? Dette gjeld kanskje særleg barneskulen. Det har også vore rolegare i fellesområde der u-stega har hatt pausar.

Gruppe 5

Ta med vidare

Uteskule ein god arena for læring, temabasert undervisning. Digitale verktøy, større nytteeffekt.

For grupper av elevar var det lettare å tilpassa heimeundervisninga.

Deltok i større grad saman med elevane i læringsprosessen via teams.

Gode erfaringar med gjennomføring av møter via digitale plattformer.

Opplevd tenestekvalitet

Brukarsundersøkingar.

Refleksjonsmøter med tilsette som har hatt tettast kontakt med elevane.

Samanhengar

Variera undervisninga, grupper, tema, teams, uteskule.

Nytta digitale verktøy iif elevar med stort fråver.

Elevmedverknad.

Sosialt, nytta teams som ein kanal for å halda kontakten med kvarandre.

Gruppe 6

Spm 1

- * Positivt med møter på Teams. Spare reisetid. Kortare møter.
- * det digitale har opna nye dører for samarbeid
- * god struktur på møtene. Viktig å ta med seg.
- * Flinke med å dela, ml lærarane

* Organisera i bolkar, to økter pr dag. Sikre tverrfagleg og djupnelæringer. Vert færre vaksne pr klasse.

* Lettare å følgja opp kvar enkelt elev. Meir synlege tilbakemeldingar, og for foreldra.

* Delt skuleplass gjev rolegare pausar. Vil fortsetja med dette.

* Den vaksne som er med i timen er òg med ute i pausar. Gjer òg til at det vert rolegare.

* Tilsette er meir fleksible. Løysingsorienterte.

* Passar på at elevane får pausane sine.

* Bra at me vågar å tenkja nytt, nye strukturar. Må tenkja kva eleven treng.

* Vore bra for dei med skulevegring, og for dei stille barna.

* Har vore eit fellesskap mot eit felles mål. Få til lærande møter på ein god måte. God kultur på deling.

* ta vidare samarbeidet om sårbare barn.

* Fått fram at reinhaldarar og barne-og ungdomsarbeidarar er viktige.

* tettare kontakt med "skulekontoret", med tilsette

Spm.2

Dette kom fram:

- storskulen ville ha meir videoundervisning, gjerne i matte
- ynskte å få vekeplan før helga

- nokon ville ha meir fokus på fag, andre syntest det var bra
- foreldra var fornøgd med gjennomføringa

- var vanskelegare å samla dei minste i Teams

- varierande syn på kva som var nok arbeid. Kan ha samanheng med føresette sin kapasitet med å følgja opp eleven sin.

- nokon elevar fekk meir hjelp heime

Dette tek me med oss vidare:

- gje ut planen på fredagen

- gjera føresette medvitne på verba i læreplanen

Spm 3

1. Samanhengar mellom ynskja organisasjonskulturtrekk, opplevd tenestetilbok og fagfornyinga:

- ringeklokka skal ikkje styra skulekvartdagen
- friare organisering i bolkar, færre vaksne inne, ta pausar når ein vil.

- uteområdet inndelt i soner

- meir inkludering, då det er ei gruppe, i ei sone.

- meir fleksibel timeplan

- bruka Teams: med elevar, tilsette, andre etatar, føresette, leiing

- ta med den gode møtekulturen

